



I år er dei i Uskedalen, neste år drar dei til Karibien! Til venstre Grete og Per Ørnulf Dæhli, til høgre Dina og Tore Nordal Pedersen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er slett ikkje noko høgsommer-innrykk i båthamnane i Uskedalen no i påskehelga, men eit betydelig innslag av påskegjester som har kome sjøvegen kosar seg hos oss.

Det er folk både frå Bergensområdet, Sunnhordland og Rogaland. På Sandakaien har til dømes to staselege siglarar lagt til. Para Dina og Tore Nordal Pedersen frå Os og Grete og Per Ørnulf Dæhli frå Bergen er gode siglarkameratar. Dei har til og med samme slags båt - ein 42 fots Bavaria!



Berre middels trafikk, melder Rabben-veteran Steinar Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi treff kvarandre ofte på sjøen og dette året fann vi det naturleg å leggja påsketuren til Uskedalen- Alle fire har vore her i påska fleire gongar tidlegare og vi stortrivs på denne staden, fortel Per Ørnulf til Uskedalen.no.

- Og kva er så grunnen til trivselen?

- Ikkje minst det fine turterrenget, at vi møter trivelige folk og at Uskedalen har ei god hamn. Det bles litt, men vi kjenner oss trygge med båtane våre her. Men dette er jo berre ein opptakt til det som skal skje neste år, etter tre års førebuingar.

- Skal kvartetten ut på langferd, kanskje?

- Jau, det skal vi verkeleg. Vi tar fri eit heilt år, siglar "mjølkeruta" frå Kanariøyane til Karibien og kjem ikke att før året etter. Vi kjem ikke til å følgja den samme ruta, men sjølsagt skal vi møtas både her og der undervegs, fortel Per Ørnulf.

Han jobbar i offshore medan Tore er glasmeister.

- Og kvartetten fryktar ikkje at finanskrisa skal spolera reiseplanene?

Vi overdriv finanskrisa her i landet. Kva er eigentleg ei arbeidsløyse på tre og ein halv prosent i internasjonalt perspektiv, spør Per Ørnulf.

På Rabben Feriesenter er det eit bra innslag av påskegjester, men trafikken kan ikke karakteriserast som meir enn middels, opplyser Steinar Myklebust.

- Vi har mista påskegjestene frå Sunnhordland-området av fleire grunnar. Lat meg nemna prisen først, for den kjennar eg sjølv på kroppen som Stord-buar. Etter at vegen vart lagt under fjorden er reiseutgiftene fordobla samtidig som reisa tek ein halv time meir.

Dei som er her no i påska er stort sett bergensarar og folk som har kome vegen via Skånevik. Dei frå Stord som ofte låg her og påskeferierte før nytta gjerne Fjellhaugen og Blådalen-området. No er dei heilt borte, dei drar til Røldal i staden for same prisen.

Når folk eg kjenner spør korleis det vil vera å køyra over Halsnøy, må eg svara ærleg. Eg ville ikkje ha teke sjansen på å krysse øya med ein bubil eller ein campingvogn. Eg kan i det heile ikkje forstå kvitor dei ikke kunne hatt den eine ferja på strekninga frå Skjersholmane til Ranavik og den andre på strekninga frå Skjersholmane til Sunde, seier ein skuffa Rabben-veteran.

Av Ola Matti Mathisen